



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kreativt Europa til Møre og Romsdal

Invitasjon til regionalt informasjonsmøte om Kreativt Europa – Møre og Romsdal

Kulturdirektoratet, Kreativt Europa-desken og Møre og Romsdal fylkeskommune har gleda av å invitere til regionale informasjonsmøte om Kreativt Europa, EU sitt program for kulturelt samarbeid.

Møta blir halde i Kristiansund 10. februar, Molde 11. februar og Ålesund 12. februar, og gir informasjon og rettleiing om internasjonale prosjekt.

Kva kan du forvente?

- Innføring i Kreativt Europa – støtteordningar, samarbeidsprosjekt og moglegheiter for kulturaktørar
- Presentasjon av Culture Moves Europe – reisestøtte og residensprogram for kunstnarar og kulturarbeidarar
- Informasjon om fylkeskommunen sine støtteordningar – og kva vi elles kan bidra med
- Individuell rettleiing – for aktørar med konkrete prosjektidear eller søknadsplanar
- Rettleiarar frå den norske Kreativt Europa-desken og fylkeskommunen vil vere tilgjengelege for ein-til-ein-samtalar. Du kan melde interesse for rettleiing i påmeldingsskjemaet.

Merk! Seminaret er ikkje retta mot film, TV-seriar eller spel. For desse feltta kan du ta kontakt med mediedesken ved Norsk filminstitutt.



Program

Tysdag 10. februar i Kristiansund

 Normoria, møt opp ved hovudinngangen

Tid	Program
9.30	Kaffi og småprat
10.00	Informasjon ved Kreativt Europa-desken og Møre og Romsdal fylkeskommune
	«Magiske ringverknader, internasjonalt samarbeid frå fleire vinklar», ved Øyvind Rangøy, Rangøy Internasjonale Kultursenter
12.00–13.00	Lunsj
13.00–16.00	Moglegheit for rettleiing

 Møtet er gratis og inkluderer enkel servering.

Onsdag 11. februar i Molde

 Protomore i Britveien 4. Møterommet «Sydlaben» i 1. etasje

Tid	Program
9.30–10.00	Kaffi og småprat
10.00–12.00	Informasjon ved Kreativt Europa-desken og Møre og Romsdal fylkeskommune
12.00–16.00	Moglegheit for rettleiing

 Møtet er gratis og inkluderer enkel servering.

Torsdag 12. februar i Ålesund

 Møterommet «Venterommet» på Terminalen

Tid	Program/foredragshaldar
9.30–10.00	Kaffi og småprat
10.00–12.00	Informasjon ved Kreativt Europa-desken og Møre og Romsdal fylkeskommune
12.00–14.00	Moglegheit for rettleiing

 Møtet er gratis og inkluderer enkel servering.

Kva er Kreativt Europa?

Kreativt Europa er EU sitt program for kulturelt samarbeid. Programmet er ope for eit breitt spekter av kulturaktørar innan ulike sjangrar. Hovudformålet er å styrke kulturelt samarbeid og mangfald i Europa, for å bidra til å løyse felles europeiske problemstillingar og utfordringar. Å styrke ein felles europeisk identitet og verne kulturarv, språk og kulturelt mangfald er viktige element i programmet.

Noreg deltek i Kreativt Europa på lik linje med medlemslanda i EU og andre programland i EU sine naboregionar. Til saman deltek om lag 40 land. Programmet gir norske kulturaktørar støtte til samarbeid, kunnskapsutveksling, nettverksbygging og kompetanseheving, gjennom aktivitetar som for eksempel utveksling av aktørar og produksjonar på tvers av landegrenser, felles produksjonar, utforsking av nye forretningsmodellar og utvikling av digitale løysingar. Eit av måla er å skape betre vilkår for profesjonelle kunstnarar.

På programmet

Per Dehlin og Anna B. Stigen frå Kreativt Europa-desken i Kulturdirektoratet kjem først til å snakke om samarbeidsprosjekt i Kreativt Europa. Samarbeidsprosjekt i Kreativt Europa skal:

- Styrke europeiske kulturaktørar si internasjonale kompetanse og kapasitet, og fremme utveksling av både aktørar og produksjonar på tvers av landegrenser.
- Bidra til publikumsutvikling: Det gjeld både aktiv involvering av publikum og betre tilgang til kulturuttrykk for underrepresenterte grupper.

- Bygge kompetanse og styrke kultursektoren si internasjonale kapasitet

Dei kjem òg til å snakke om Culture Moves Europe – dette er reisestøtteprogrammet i Kreativt Europa. Det er delt inn i reisestøtte og eit residensprogram innanfor arkitektur, kulturarv, design og mote, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst.

- Støtteordninga gir reisestøtte til kunstnarar frå heile Europa – både til å kunne reise individuelt og i gruppe
- Residensprogrammet gir støtte til organisasjonar og etablerte enkeltkunstnarar som jamleg organiserer residensar for å vere vertskap for kunstnarar og profesjonelle kulturarbeidarar.

Litt ut frå kven som er til stades, kjem dei òg til å informere om andre støtteordningar i Kreativt Europa, som omsetting av europeisk litteratur, spesielle utlysingar for Ukraina, scenekunst- og musikkfeltet og meir.

Dei vil òg høyre erfaringar frå tidlegare prosjekt i Kreativt Europa.

Rettleiing

Det blir moglegheit til individuelle møte med rettleiing. Møta blir med

- **Anna B. Stigen**, som er rettleiar for felte musikk, visuell kunst, journalistikk/media (tverrsektorielle utlysingar), og
- **Per Dehlin**, som er rettleiar for scenekunst, litteratur, kulturarv, museum og kreative næringar (arkitektur, design, mote og berekraftig turisme)

Dei er begge frå den norske Kreativt Europa-desken i Kulturdirektoratet.

Møta er retta mot potensielle søkarar eller organisasjonar som har konkrete ambisjonar eller interesse for å gå i gang med søknad til Kreativt Europa, og som kan tenke seg å vere prosjektleiarar i eit europeisk prosjekt. Det kan òg handle om at du ønsker å prøve ut ein idé eller ønsker idémyldring rundt ein mogleg søknad. Dersom organisasjonen din ønsker eit slikt møte, melder du frå om dette i det felles påmeldingsskjemaet. Dei som ikkje får plass, vil få tilbod om digitalt møte med rettleiing over Teams seinare.

Merk! Jobbar du med spelefilm, tv-seriar og spel, er ikkje dette seminaret retta mot desse felte, då mediadesken for Kreativt Europa i Norsk filminstitutt er ansvarleg for denne delen av programmet. Ta gjerne kontakt med dei for nærare informasjon.